



Dei som skal spela med Byggeriet på brystet denne sesongen: Frå venstre bak Vegard Iversen, Benjamin Taranger, Sondre Høyland Enes, Dag Rune Myklebust, Karsten Tungesvik, Vegard Ludvigsen og Jostein Sandvik. Framme frå venstre Thomas Halvorsen, Vebjørn Guddal, Vegard Døssland, Sindre Omvik, Sindre blytt Enes og Torbjørn Steinsvik.

På treninga torsdag var det stort gåvedryss til fotballspelarane på smågut-93-laget til Rosendal/Uskedal. Byggeriet ved Uskedal Trelastlager stiller som sponsor for dette laget.

. I samband med det fekk kvar av spelarane utdelt komplett draktsett med shorts, strømpes og overdel. Kvar spelar fekk også drikkeflaske og ein flott bag til treningstøyet. I tillegg fekk laget kjegler til bruk på treningsfeltet.

Ungdomsleiar i fotballgruppa, Arvid Nes, stod for utdelinga, og han var svært tilfreds med avtalen med Byggeriet. Han fortel at det var Finn Guddal som tok initiativet til avtalen. Han tok kontakt med fotballgruppa, og dermed var ein avtale til ein verdi på ein god del tusen i boks.

- Det er svært positivt at lokale firma tar kontakt og støttar opp om ungdomsarbeidet vi driv på denne måten. Det inspirerer, og er med og gjer det frivillige arbeidet som vert lagt ned lettare. Ja, dette er ei flott og kjærkomen gåve som vi er svært taknemlege for, seier den entusiastiske og aktive ungdomsleiaren vidare.

Finn Guddal ved Byggeriet, Uskedalen er svært glad for at firmaet deira kan vera med å støtta den lokale ungdomsfotballen på denne måten. Han fortel at det er kjeda sentralt som bidrar, og at Uskedalsfirmaet er ei av femti medlemsbedrifter som er trekt ut til å støtta eit lag i lokalmiljøet på denne måten.

Arvid Nes kan elles fortelja at dei er svært fornøgde med samarbeidet på tvers av bygdegrensene. – Det er ikkje berre fotballtilbodet som vert betre. Vi får og ein stor gevinst både sosialt og på andre område. På laget som vert sponsa av Byggeriet, er det spelarar frå heile strekningen frå Uskedalen til Enes. Det er 7 uskedelingar på laget.

I tillegg til seriespelet som startar 19.april, er Norway Cup det store målet for sesongen. I den største fotballturneringa i verda får dei selskap av tre andre fotballag frå Rosendal/Uskedal, småjenter 93, smågutar 94

og jenter 15-17 år.

Av Thor Inge Døssland